



Arkivnr: 2017/17902-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - RevisjonsrapportBakgrunn for saka:

Kontrollutvalet bestilte 05.02.18 forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning med slikt føremål:

«Føremålet med prosjektet vil vere å vurdere om kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune er organisert på ein føremålstenleg måte og å undersøke i kva grad fylkeskommunen utfører oppgåver i tilknyting til kulturminneforvaltninga i tråd med mål, regelverk og fylkeskommunale vedtak.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål er det formulert følgjande problemstillingar:

1. **Er den overordna styringa innan kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune tilfredsstillande?**
 - a) I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert tydelege mål og planar for kulturminneforvaltninga?
 - b) I kva grad blir det rapportert omkring måloppnåing og gjennomføring innan kulturminneforvaltninga?
 - c) I kva grad er det gjennomført risikoanalyser knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar innan kulturminneforvaltninga?
 - d) Er det etablert tydleg ansvars- og oppgåvedeling for dei som arbeider med kulturminneforvaltning?
 - e) Har Fylkeskommunen gjort analyser for å tilpasse kapasitet og kompetanse til å følgje opp eksisterande oppgåver og nye arbeidsoppgåver som tidlegare har vore eit statleg ansvar?
2. **I kva grad har fylkeskommunen etablert tilfredsstillande system og rutinar for å ivareta sitt ansvar for kulturminneforvaltning?**
 - a) Har fylkeskommunen tilfredsstillande retningsliner og sakshandsamingsrutinar for å sikre sams praksis og etterleving av sentrale krav i lovverket i samband med kulturminneforvaltninga?

- b) *Har fylkeskommunen etablert tydelege kriterium knytt til tilskot til musea?*
 - c) *Har fylkeskommunen sikra eigna og tilstrekkelege fora for samhandling med stat, kommunar og musea om kulturminneforvaltninga?*
3. ***I kva grad etterlever fylkeskommunen sentrale lover, reglar og nasjonale mål i arbeidet med kulturminneforvaltninga?***
- a) *Er sakshandsaminga innan kulturminneforvaltning i tråd med lovverket og delegert ansvar på utvalde område?*
 - i. *I kva grad klarer fylkeskommunen å etterleve aktuelle tidsfristar for sakshandsaming?*
 - ii. *I kva grad blir fylkeskommunen sine sakshandsamingsrutinar følgt?*
 - b) *I kva grad nyttar fylkeskommunen tilgjengelege verkemiddel for å redusere tapet av verneverdig kulturminner?*
 - i. *I kva grad gjev fylkeskommunen pålegg om utbetring av forsømte freda byggverk jf. §17 i kulturminnelova*
 - ii. *I kva grad har fylkeskommunen kapasitet til å vurdere og ev. komme med motsegn i aktuelle saker frå kommunane?*

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning og revisjonsrapport er levert og ligg ved som vedlegg til saka. Sekretariatet har merka seg at levering av rapporten er forseinka med over 4 månader i høve bestillinga. Revisjonsrapporten er også send i posten til dei møtande medlemmene i kontrollutvalet. Rapporten har vore send til uttale hjå fylkesrådmannen og uttalen går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju med utvalde personar, stikkprøvekontroll og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling. Vi har også merka oss at Deloitte i denne rapporten har laga eit samandrag som går fram av side 3 – 5.

Sekretariatet har vidare merka seg at Deloitte kjem med slike tilrådingar til Hordaland fylkeskommune i punkt 6 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:

Basert på dei funn og vurderingar som kjem fram i undersøkinga vil revisionen tilrå at fylkeskommunen

1. *Utarbeider samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak*
2. *Vurderer å vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga*
3. *Vurderer å gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga*
4. *Gjennomgår og tydelegger rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator*
5. *Vurderer å etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningsliner, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for*
6. *Sikrar at alle rutinar er oppdaterte og elles drøftar med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha*
7. *Etablerer tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea*
8. *Sikrar etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker*

9. Sikrar at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar

Det kjem også fram fleire plasser i rapporten at kulturminneforvaltning er med i vurderinga som skjer i samband med planlegginga som føregår i høve med samanslåing av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 01.01.2020. Slik sekretariatet ser det vil det vera ei føremon om oppfølging av Deloitte sine forslag til tiltak vert tatt med og vurdert i det vidare arbeidet med å få på plass nye rutinar i Vestland fylkeskommune.

Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvalningsrevision vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvalningsrevisjoner» der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvalningsrevision følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvalningsrevision er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Forslag til innstilling i saksframleggelsen, byggjer på forslag til tilrådingar i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Sekretariatet tilrår vidare at handlingsplanen også må innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvalningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak
2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga
3. Gjennomføre risikovurderinger knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga
4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator
5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningsliner, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for
6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha
7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea
8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker
9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg

1 Rapport - Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Hordaland